

Vekeplan

10. trinn

Veke 45 og 46

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	<ul style="list-style-type: none">• Kunna sjangaren novelle• Vita korleis eit manus ser ut• Kunna laga manus av ei novelle
Engelsk	<ul style="list-style-type: none">• Reading, writing and speaking about democracy and citizenship• Using relative pronouns• Evaluating sources• Using quotes and references
Matematikk	<ul style="list-style-type: none">• Bruka og forklara omgrep knytta til koordinatsystemet• Plassera og lesa av punkter i eit koordinatsystem• Skildra kva som kjenneteiknar lineære funksjonar, og gjere om mellom ulike representasjoner(situasjon, graf, tabell, funksjonsuttrykk)• Laga funksjonsuttrykk og verditabellar, og teikne grafen til ein lineær funksjon
Samfunnsfag	<ul style="list-style-type: none">• Gjera greie for korleis levekår heng saman med dei geografiske, historiske og politiske forholda i eit land.• Forklara korleis levekår kan påverke fruktbarheit og dødelegheit i verda i dag.• Forklara ulike årsaker til at folk vel å flytte
KRLE	<ul style="list-style-type: none">• Kunna seia noko om kva dei ulike religionane og livssyna tenkjer om livet etter døden.• Kunna seie noko om dei ulike rituala ved gravferder i dei ulike religionane og livssyna.
Naturfag	<ul style="list-style-type: none">• Gjera greie for produksjon, transport og lagring av energi• Gjera greie for og vurdera bruk av brensel som energikjelde og energiberar• Forklara og vurdera nokre vanlege produksjonsmetodar for elektrisk energi• Utforska nokre metodar for produksjon av energi
Spansk	<ul style="list-style-type: none">• Refleksive verb• Dagleg rutine• Å vera ung
Tysk	<ul style="list-style-type: none">• Kunna analysera setningar med subjekt, verbal, direkte objekt , indirekte objekt og predikativ.
Eng fordj	<ul style="list-style-type: none">• Presentera ordspråk og billedelege uttrykk på engelsk og samanlikna med eige morsmål• Eksperimentera med enkle oversettingar mellom norsk og engelsk. Samtala om korleis meaning blir endra i forhold til ordval
Kroppsøving	<ul style="list-style-type: none">• Bruka eigne ferdigheter og kunnskapar til å medverke til framgang for andre• Trena på og utvikla ferdigheter i innebandy og turn• Symjing: kunna dykke, gjennomføra livredningshopp og ilandføra medelev
Musikk	<ul style="list-style-type: none">• Bli stadig betre til å spela 12-takters blues på ditt instrument.
K&H	<ul style="list-style-type: none">• Gjera ferdig og levera inn sjablongoppgåva på Teams

	<ul style="list-style-type: none"> • Velje mellom geriljabroderi og dyrefigur i tre som ny oppgåve • Laga skisser og planleggje ny oppgåve • Skriva prosessnotat
Utdanningsval	<ul style="list-style-type: none"> • Alle som ikkje har BankID eller MinID, må nå skaffe seg ein av dei. • Det blir prøve i 16 viktige omgrep om utdanning.
Kantine	<ul style="list-style-type: none"> • Laga god og ernæringsriktig mat • Halda god hygiene • Jobba med rekneskap og plakatdesign • Gjennomføra sal • Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter
Fys.ak.	<ul style="list-style-type: none"> • Trena på og utvikla ferdigheter i badminton • Vera ein god lagspelar • Visa forståing for "Fair play"
Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> • Evaluering av overnattingstur
Design	<ul style="list-style-type: none"> • Gjera ferdig og levera inn fordjupningsoppgåve på Teams. • Laga skisser og plan til ny oppgåve for dei som er ferdige.
Trafikk	<ul style="list-style-type: none"> • Reflektera over og visa korleis trafikksikkerhetsutstyr kan redusera ulykker og skader • Drøfta faktorar som har betydning for mobilitet, folkehelse og miljø • Reflektera over og vise kva det inneber å opptre trygt og ansvarsfullt i trafikken og diskutera etiske dilemma i trafikken
Olweus	<ul style="list-style-type: none"> • Klassemiljø • Korleis skal me oppføra oss mot kvarandre.

INFORMASJON TIL HEIMEN

Vaksine

Onsdag i veke 45 kjem helsejukepleier til skulen for å vaksinera dei elevane som skal ta vaksine. Det er påfyll for difteri, stivkrampe, kikkhoste og polio. Alle skal ha fått informasjon om dette på helsenorge, der ein godkjener om ungdommen skal ta vaksine eller ikkje. Det er også delt ut eit skriv om dette.

FRIDAG

Fredag 15. november er det planleggingsdag og fridag for elevar.

Hei verden

I veke 47 startar me opp med årets solidaritetsinnsamling ved Bryne ungdomsskule. Me skal samla inn pengar til *Hei verden*, og me får informasjon mandag 18. november om prosjektet. På 10. trinn skal elevane ha "Jobb ein dag", der inntektene frå arbeidet går til *Hei verden*. Fredag 29. november er arbeidsdagen, så det kan vera lurt å prøva å finna seg ein arbeidsplass i god tid. Det er óg mogleg å arbeida heime! Alle elevane vil få med seg heim ein lapp dei skal levera og fylla ut saman med arbeidsgivar.

Elevundersøkinga

I dei komande vekene skal me gjennomføra elevundersøkinga på heile skulen. Me bruker svara på undersøkinga til å jobba målretta med skolemiljøet og trivselen til elevane. Det er frivillig å svara på elevundersøkinga, men me ønsker helst at alle deltek, og svarer ærleg og så godt dei kan, slik at me har mest muleg rett informasjon når me skal jobba vidare med dette.

Foreldremøte 10.trinn

Minner om foreldremøte med Sterk & klar i kantina onsdag 20.november kl 18.00-19.30.

Elev- og utviklingssamtalane

Kontaktlærarane er i gang med elev- og utviklingssamtalane! Eleven skal vera med på samtalen. Det er forventa at dokke på førehand har vore inne på Foreldreportalen i Visma Flyt skole og lese framovermeldingane i dei ulike faga.

Helsing oss på 10.trinn

PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Utdanningsval	16 omgrep	Tal på rette	Ellevte utv-timen

HEIMEARBEID VEKE 45

Norsk	Me jobber med frå novelle til film i timane. 10A, C og D: Les 3x20 min i boka di. Rapporter sidetal til lærar på torsdag/ fredag.
Engelsk	Write a paragraph Read a news article from one of the news sites in the recommended sources . Write a paragraph where you sum up the main message from the article without copying from the news source. Remember to differ between quotes and references .
Matematikk	Gjer oppgåve 2.101, 2.102 og 2.103. Bruk gjerne Geogebra. Lever på ON.

Samfunnsfag	<p>Les "Migrasjon - mennesker på flyttefot", og svar på spørsmåla under.</p> <p>Sjå på figuren i artikkelen.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kvar flyttar dei fleste frå Europa til? • Kvar flyttar dei fleste frå Latin-Amerika og Karibia til? • Kvar flyttar dei fleste frå Afrika sør for Sahara til? • Kva fortel det deg om flyttestraumar i verda i dag? Er det noko som overraskar deg? <p>Skriv utfyllande svar på ON.</p>
Spansk	Skriv ein tekst på ca 50-80 ord der du seier kva du meiner om skuleuniformar. Er du positiv eller negativ til det? Bruk verba me har arbeidd med i timen.
Eng fordj	Gjer oppgåvene om spørjeord som du finn på OneNote – Heimearbeid – veke 45
Musikk	Arbeid så godt at du merkar at du har god framgang i speling av 12-takters blues på ditt instrument.
Utdanningsval	Det blir prøve i dei 16 omgrepa me har jobba med gradvis i utv-timane til nå i haust: <i>Studiespesialisering, studieførebilde, studiekompetanse, yrkesfag, læretid, fagprøve, fagbrev, påbygg, fagskule, y-vegen, realfag, SSØ, førstegangsvitnemål (ORDF), ordinært vitnemål (ORD), bachelor, master</i> . Det kan variera når en enkelte klasse har prøven, men for alle blir det den ellevte utdanningsval-timen. Sjekk OneNote om du er usikker.
Friluftsliv	Møt i klasserommet. Evaluering av overnattingstur.

HEIMEARBEID VEKE 46	
Norsk	<p>Me jobber med frå novelle til film i timane.</p> <p>10A, C og D: Les 3x20 min i boka di. Rapporter sidetal til lærar på torsdag/fredag.</p>
Engelsk	<p>Write a short text</p> <p>Write a short text about Martin Luther King, Jr. and include a quote from his "I Have a Dream" speech.</p>
Matematikk	Gjer oppgåve 2.104, 2.105 og 2.108. Lever på ON.
Samfunnsfag	<p>Les "Hva kan vi si om verdens befolkningsvekst i framtida?", og svar på oppgåvene under.</p> <p>Søylediagrammet i artikkelen viser befolkningsendringar i eit utval land mellom 2020 og 2050.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kva for nokre land vil få ein befolkningsvekst? • Kva for nokre land vil få ein befolkningsnedgang? • Kva for utfordringar trur du land med ein stor befolkningsvekst eller nedgang vil kunne få? <p>Skriv utfyllande svar på ON.</p>

	10A: sjå to nyheitsendingar i løpet av veka. Det kan vere lurt å velje frå NRKTV (Dagsrevyen) eller TV2 nyheter. Du må vere førebudd til å snakke om ei viktig sak.
Spansk	Førebu deg til minisamtale om din daglege rutine på torsdag.
Eng fordj	Gjer oppgåvane om spørjeord som du finn på OneNote – Heimearbeid – veke 46.
Musikk	Arbeid så godt at du merkar at du har god framgang i speling av 12-takters blues på ditt instrument.
Utdanningsval	Bestill BankID i banken om du ikke har. Eller bestill aktivieringsbrev for å kunne opprette MinID: Bestill aktiveringsbrev for MinID-bruker Du treng bare å legge inn fødselsnummer (11 siffer), så kjem det i posten. Pass på at eleven sitt fornavn og etternavn står på postkassen. Omgrepsprøva skal du i ha i den ellevte utdanningsval-timen. Dei fleste klassane hadde den i veke 45. Sjekk OneNote om du er usikker.
Friluftsliv	Avspasering overnattingstur.



Bryne ungdomsskule